

HANDBOK FOR GULEN KOMMUNE		
L83 Tomt	Reglement for sal av kommunale tomter	Ajourført pr. 26.06.07

REGLEMENT FOR SAL AV KOMMUNALE BUSTADTOMTER, NÆRINGSTOMTER OG ANNA AREAL

1. Kommunale tomter som er vedteke seld til eit bestemt føremål, skal kunne tildelast aktuell kjøpar i inntil eitt år. Etter grunngeven søknad har rådmannen mynde til å gje inntil eitt år lengre tildelingstid.
2. Overdraging av tildelt tomt skjer når utbyggingsprosjektet er godkjent og fysisk utbygging er i gang.
3. Om tomta ikkje er ferdig utbygd i høve til godkjende utbyggingsplanar 3 år etter overdraging, skal kommunen ha tinglyst rett til tilbakekjøp til same pris som tomta vart seld for, utan rentetillegg eller kompensasjon for eventuelle opparbeidingskostnader.
4. For sal av tilleggsareal og tinglyste rettar skal minstepris vere kr 5 000. Summen inneheld betaling for både sjølve arealet/retten og kommunen sitt arbeid med saka. Tinglysing og andre omkostningar skal betalast av kjøpar.
5. Det vert kravd slike tomteprisar i alle dei kommunale bustadfelt frå 01.01.06:

For tilrettelegging av tomt :	kr 75 000
For kjøp av grunn:	kr 16,00 pr.m2

 Tomteprisane skal indeksregulerast kvart år pr. 01.01.
 I tillegg vert det kravd tilknytingsavgift for kloakk og ev. for vatn. Tomtekjøpar må dekke alle kostnader med oppmåling og overskøyting.
6. Bustadtomter i kommunale felt som ikkje er selde etter 15 år, skal vurderast politisk i høve til eventuelt sal til redusert pris, omdisponering til fellesområde, sal som tilleggstomt eller anna bruk.
7. Næringstomter skal seljast etter sjølvkostprinsippet. I grunnlaget for utrekning av prisen skal inngå:
 - a) kommunen sine kostnader ved kjøp, planlegging og tilrettelegging av det aktuelle næringsområdet,
 - b) godtgjersle for administrasjonen sitt arbeid ved sal av tomta.
 Eventuell kloakkutbygging og framføring av vatn til området skal ikkje inngå i utrekningsgrunnlaget, men vert belasta tomtekjøpar ved innkrevjing av tilknytingsgebyr. Tomtekjøpar må dekke alle kostnader med oppmåling og overskøyting. Formannskapet får delegert fullmakt til å avgjere sal av kommunale næringstomter.

Desse reglane er vedtekne av Gulen kommunestyre i møte den 01.11.05, K.sak 77/05 Endra av Gulen kommunestyre i møte den 15.03.07, K.sak 13/07.
--